

Fredheim Maskin og Betong AS**Vedtak – Avvisning av klage på vedtak – Dispensasjon Masseuttak Myradn**

Vi syner til klage motteke 13.11.2020. Det gjeld klage på vedtak gjort i kommunestyret den 21.10.2020 i sak 99/20.

Bakgrunn

Saka gjeld dispensasjon frå Reguleringsplan Industriområde Myradn, del av gbnr. 105.2 vedteke 11.9.2008, sist revidert 01.12.2016. Vedtaket i kommunestyret gav tiltakshavar moglegheit til å drive masseuttak i ytterlegare 3.5 år med påfølgjande vilkår.

Klagerett

Eit vedtak kan påklagast av ein part eller annen med rettsleg klageinteresse jf. Forvaltningslova (fvl.) § 28. Kven som er part i saka vert definert i fvl. § 2, ved; «Part, person som avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder».

Fredheim Maskin og Betong driv mellom anna med masseuttak, og er ei konkurrerende verksemd. Firmaet har adresse på Valeberg, 6854 Kaupanger, 3,3 km frå planområdet i luftlinje og eig i tillegg næringstomt nord i industrifeltet. Firmaet har elles ingen rettigheter eller plikter i planområdet som vert råka av vedtaket.

Administrasjonen vurderer ut i frå dette at Fredheim Maskin og Betong ikkje kvalifiserer til å vere part i saka, då vedtaket ikkje direkte rettar seg mot, og elles ikkje direkte gjeld firmaet.

Det blir då ei vurdering om Fredheim Maskin og Betong AS har rettsleg klageinteresse i saka jf. fvl. § 28 For at det skal ligge føre rettsleg klageinteresse må klagar ha ei viss tilknytning til saka, og interessen må vere aktuell. Vidare må det visast til eit reelt behov for å få klagen avgjort og at vedtaket har tyding for klagaren sine rettigheter.

Klagar trekk fram at vedtaket gjev ulik handsaming av konkurrerende verksemdar. Det er i følgje klagar krevjande og vanskeleg å skaffe lokasjonar til dette føremålet. Fredheim Maskin og Betong AS måtte gjennom ein lang prosess med reguleringsplan og naudsynte prøvetakingar når dei skulle drive masseuttak. I denne saka har det vore langt lettare for tiltakshavar, ifølgje klagar. Det vert vidare presisert at saka skulle vore til Fylkesmannen i Vestland på høyring. I lys av tidlegare uttak trekk klagar fram at tidsplanen er urealistisk når det kjem til uttak av massar innanfor tidsfrist.

Interessen og tilknytninga firmaet har til saka er av ei kommersiell karakter i kraft av at dei er ei konkurrerende verksemd. Ein konkurransedreven interesse i saka er etter administrasjonens vurdering ikkje nok til at firmaet kan seiast å inneha ein rettsleg klageinteresse i saka.

Det er etter administrasjonens vurdering klart at saka ikkje direkte gjeld Fredheim Maskin og Betong.

Etter vår vurdering er ikkje klagar part eller annan med rettsleg klageinteresse i saka, jf. Forvaltingslova § 28. Klagen vert derfor ikkje handsama.

Vedtaket er fatta administrativt i medhald av politisk delegeringsreglement vedteke i K-sak 20/19.

Klagefrist

Vedtak om avvising av klage er eit enkeltvedtak etter fvl. § 2 og kan klagast på.

Klagefristen er 3 veker frå du mottek dette brevet.

Med helsing
Sogndal kommune

Dagsett, 14.12.2020

Emil Christensen Birkeland (e.f.)
planleggjar

Markus Mohn Werner

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.